



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret

Møtestad: Møterom A, Volda rådhus

Dato: 16.01.2008

Tid: 14:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unntak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/08	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/08	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 3/08	Referat og meldingar <ul style="list-style-type: none">• Referat frå inntaksmøte 20.11.07
PS 4/08	Avlastning til personar under 18 år i Volda kommune
PS 5/08	Kvalitetskommuneprogrammet - Etablering av styringsgruppe og prosjektgrupper
PS 6/08	Kommunale representantar til samarbeidsutvala i dei kommunale barnehagane

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Runa Bakke

Arkivsak nr.: 2007/1021

Arkivkode: F05

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

4/08

Driftsstyret

16.01.2008

AVLASTING TIL FAMILIAR I VOLDA KOMMUNE SOM HAR BARN UNDER 18 ÅR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Administrasjonen si tilråding:

- *Kapasiteten innanfor offentleg avlasting må aukast. Det vert nedsett ei gruppe som ser nærmare på korleis dette skal skje både bygningsmessig og driftsmessig. Gruppa skal ha representantar frå administrasjonen, brukarane og politikarane. Pleie- og omsorgsleiar får mandat til å peike ut brukarrepresentantar og representantar frå administrasjonen. Driftsstyret peikar ut ein politisk vald representant.*
- *Det må settast av midlar til andre former for avlasting enn den tradisjonelle offentlege og private avlastinga*
- *Timeløna for støttekontaktar skal til ei kvar tid tilsvare minsteløn for assistentar i kommunen, - gjeldande frå 01.01.2008. Rammene må aukast tilsvarende.*
- *I løpet av første halvår 2008 vil Driftsstyret få tilbakemelding om korleis arbeidet med støttekontakt og avlastning bør organiserast, samt behov for ressursar til dette arbeidet.*

Samandrag av saka:

Lov om sosiale tenester § 4-2 seier mellom anna: *De sosiale tenestene skal omfatte..... b) avlastningstiltak for personer og familier som har et særlig tyngende omsorgsarbeid.*

Merknader til lova seier at avlasting skal gjere det mogleg å oppretthalde gode familierelasjonar og ta vare på sosiale nettverk. Tenesta skal hindre at omsorgsgjevar vert utmatta. Avlasting skal gi pårørande naudsynt og regelmessig fritid og ferie.

Brukarar med rett til og behov for avlasting har i varierende grad ikkje fått det tilbodet dei har vedtak om. For nokre har avlastingstiltaka vore svært ustabile og nokre har i lengre periodar mangla avlastingstilbod. Etterspørselen etter og behovet for offentleg avlasting i Volda kommune er større enn kapasiteten. Det er i tillegg vanskeleg å skaffe private avlastarar og støttekontaktar.

Støttekontaktsatsen i Volda kommune er svært låg. Dette er eit problem i høve til rekruttering av støttekontaktar. For ein familie som har barn med nedsett funksjonsevne, er støttekontakt ein del av det totale avlastingstilbodet familien har. Det er difor avgjerande at Volda kommune aukar timeløna for støttekontaktar slik at løna blir ”konkurransedyktig”.

Avlastingstiltak har tradisjonelt blitt gitt ved at barnet er hos ein annan familie eller i ei offentleg avlastingsleiligheit. For ein del familiar er ikkje dette den type avlasting dei ønskjer eller har behov for. Det er viktig med tilpassa avlastingstiltak i tråd med brukarane sine

behov og det må difor verte gitt rom for å yte andre typar avlasting enn dei som til no har vore dei tradisjonelle.

I samband med etablering av NAV Volda den 12.november 2007, blei ansvaret for støttekontakt og avlasting overført frå sosialavdelinga til pleie- og omsorgsavdelinga.

Saksopplysningar:

Driftsstyret vedtok i møte 06.12.06, sak 0068/06, å nedsette ei gruppe som skulle kome med framlegg om kva avlastingstilbod Volda kommune bør ha for personar under 18 år.

Framlegget skulle omfatte

- ulike typar avlastingstilbod
- organisering
- økonomiske vurderingar

Gruppa har hatt denne samansettinga:

- Svein Berg Rusten, nestleiar pleie- og omsorgsavdelinga
- Gro Nordstrand Tødenes, sosialavdelinga
- Runa Bakke, rehabiliteringskoordinator
- Njål Sætre, brukarrepresentant
- Are Halkjelsvik, brukarrepresentant

Runa Bakke har vore leiar av gruppa.

Bakgrunnen for vedtaket i Driftsstyret, var at ein del brukarar med vedtak om avlasting over lang tid ikkje hadde fått oppfylt vedtaket, eller at avlastingstilbodet hadde vore svært ustabil. Vanskar med å skaffe private avlastarar og avgrensa kapasitet innanfor offentleg avlastingstilbod, har vore årsaka. For familiar som har barn med nedsett funksjonsevne, er det svært belastande å ikkje ha avlastingstiltak som er rimeleg stabile over tid. Det opplevast også vanskeleg for borna å stadig oppleve skifte av avlastarar.

I følgje Sosialtenestelova § 4-2 skal kommunen yte desse tenestene:

a) praktisk bistand og opplæring, herunder brukerstyrt personlig assistanse, til dem som har et særlig hjelpebehov på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder eller av andre årsaker

b) avlastningstiltak for personer og familier som har et særlig tyngende omsorgsarbeid

c) støttekontakt for personer og familier som har behov for dette på grunn av funksjonshemming, alder eller sosiale problemer

d) plass i institusjon eller bolig med heldøgns omsorgstjenester til dem som har behov for det på grunn av funksjonshemming, alder eller av andre årsaker

e) lønn til personer som har et særlig tyngende omsorgsarbeid

Merknader til lova seier at det er viktig at det finst ulike avlastingsformer, då behova er svært ulike. Det er også sterke nasjonale føringar om at tenestetilbod til personar med funksjonsnedsetting skal vere brukarretta og individuelt tilpassa.

TaKT, ei satsing sett i gang av sosial- og helsedirektoratet, har fokus på Tilrettelegging av det Kommunale Tenesteapparatet til barn med nedsett funksjonsevne og deira familiar. Eit fungerande avlastingstilbod er eit av fleire tiltak som er viktig. Det blir peika på at løysingane må vere fleksible og i tråd med tenestemottakarane sine behov. Auka kapasitet innanfor offentleg avlastning er noko brukarane etterspør og som vi også ser det er behov for.

Status:

Det er i dag 14 personar under 18 år som har vedtak om avlastning. Det er i tillegg kjent at 3-4 personar/familiar truleg vil søkje om avlastning i nokså nær framtid. Alderen på dei som har vedtak om avlastning er frå 1-18 år. Omfanget på avlastinga er på 18-30 døgn for dei som har vedtak om døgnavlastning og 10-48 t/mnd for dei som har vedtak om avlastning pr. time (inkl. SFO/tilsyn etter skuletid).

Pr. i dag har alle med behov for avlastning, eit avlastingstilbod. Alle dei private avlastarane som er engasjerte av Volda kommune gjer ein god jobb. Likevel er etterspurnaden og behovet for offentleg avlastning aukande. Dette kan det vere fleire årsaker til. Det kan vere at offentleg avlastning vert opplevd som ei meir stabil og fagleg betre ordning. Ein del familiar har opplevd lange opphald i avlastinga når private avlastarar har slutta og før ein får skaffa nye. Dette har skuldast at det er vanskeleg å få tak i private avlastarar. Pr. i dag er det 6 familiar som ønskjer offentleg avlastning og som ikkje har fått tilbod om det.

Dersom familiene skal ha nytte av avlastinga, er det viktig at dei har eit tilbod som er tilpassa behova deira og at dei kjenner seg trygge på at avlastingstilbodet fungerer godt. Det er også svært viktig at dei har stabilitet og kontinuitet i tilbodet.

Volda kommune har offentleg avlastning på Bømarka for 3 barn. Dette tilbodet fungerer svært bra og brukarane er svært nøgde. Dei opplever særleg kontinuitet og stabilitet i tilbodet som positivt, men også at det er naudsynt fagleg kompetanse og dyktig personale. Dei borna/ungdomane som treng avlastning, har oftast omfattande problemstillingar som det er viktig å møte med naudsynt fagleg kompetanse.

Det har i fleire år vore behov for meir offentleg avlastning og problemstillinga har vore på dagsorden fleire gongar gjennom mange år. Dei tilboda kommunen har hatt, har vore "ad hoc-løysingar". Mellom anna kom avlastinga på Bømarka i stand ved at tidlegare private avlastarar sa opp oppdraget og det var vanskeleg å finne nye private avlastarar. Etter ei stund, og fordi ei av leilighetene tilfeldigvis var ledig, tok pleie og omsorgsavdelinga (PLO) oppdraget; under føresetnad av at sosialavdelinga finansierte tilbodet. Neste prosjekt kom i gong fordi ein hadde gode erfaringar får første avlastinga. I tillegg var det store faglege utfordringar som gjorde at det var vanskeleg å få til eit kvalitativt godt nok tilbod gjennom privat avlastning. Det siste tilbodet kom i stand gjennom tilråding frå PPT og vurdering av totalsituasjonen for vedkomande.

Støttekontakt:

Timesatsen for støttekontaktar i Volda kommune er kr.86,10. Denne satsen har ikkje vore justert sidan august 2002. Når ein skal rekruttere støttekontaktar, gjer ein det i konkurranse med andre jobbar som er betydeleg betre lønna.

Støttekontakttilbodet til ein brukar er ein del av det totale avlastingstilbodet til ein familie. I tillegg blir nokre av dei som har avlastning på timebasis, honorert etter støttekontaktsatsen. Det er difor svært viktig at denne satsen blir heva.

Rekruttering av støttekontaktar er vanskeleg også for andre grupper enn barn under 18 år. Heving av støttekontaktsatsen må difor gjelde generelt for støttekontaktar i Volda kommune. Det er mange brukarar med vedtak om støttekontakt som ikkje har fått oppfylt vedtaket sitt fordi ein har vanskar med å skaffe støttekontaktar. Mellom anna vart dette påpeika som eit avvik ved Fylkesmannen sitt tilsyn med psykiatritenesta i haust. Den lave honoreringa er ei klar årsak til rekrutteringsvanskane.

Det er totalt innvilga 329 t støttekontakt pr.mnd. for personar under 18 år i 2007.

Av desse timane er 124 t av ulike årsaker avløna med høgare sats (kr. 105,90 – kr.155,-) enn Volda kommune sin ordinære støttekontaktsats på kr. 86,10. Oftast har dette samanheng med komplekse problemstillingar knytt til tenestemottakar.

Timeløna for støttekontaktar bør til ei kvar tid tilsvare minsteløn for assistentar i kommunen. Denne er pr. i dag er kr. 111,33. På denne måten vil ein sikre at timeløna til ei kvar tid er i tråd med lønsutviklinga elles.

Vurdering og konklusjon:

Helse og miljøkonsekvensar:

For at familiar med barn med nedsett funksjonsevne skal oppleve ein kvardag der dei har overskot til familien, omsorgsoppgåver, delta i arbeidslivet og i sosialt fellesskap, er det svært viktig at avlastingsordningane fungerer og at dei kan tilpassast den enkelte familie sine behov.

Fungerande støttekontaktordning har svært mykje å seie for livskvaliteten til dei som treng eit slikt tilbod.

Økonomiske konsekvensar:

Avlasting:

For privat avlasting er satsane kr. 1.200,- pr.døgn

Driftsutgifter ved offentleg avlasting er lag kr. 4.200,- pr. døgn. Då har ein rekna ein-til-ein-bemannning og sovande nattevakt. For enkelte brukarar, kan det vere forsvarleg med lavare bemanning.

Ut i frå talet på familiar som har vedtak om avlasting pr. i dag og som har behov for/ønskjer offentleg avlasting, vil det utgjere **auka driftskostnadar på om lag kr. 450.000,- pr. år.**

Erfaringsmessig må ein rekne med at ein del av desse vil ha auka behov for avlasting ettersom borna blir eldre. Dei auka driftskostnadane kan difor bli noko høgare.

Dersom tilbodet innanfor offentleg avlasting skal aukast, må det også få bygningsmessig konsekvensar. Det må vurderast om det skal byggast bustader til dette føremålet, eller om ein kan nytte eksisterande bygningsmasse.

Auke av støttekontaktsats:

Ved auka av støttekontaktsats frå kr.86,10 til lavaste tariff/assistentløn, vil det medføre følgjande ekstrakostnadar:

- Vaksne psykisk sjuke:

Antal timar innvilga i 2007: 2.232 t/år *Ekstrakostnad pr. år: kr. 56.313,36*

- Andre vaksne:

Antal timar innvilga i 2007: 2.800 t/år *Ekstrakostnad pr. år: kr. 70.644,-*

- Barn under 18 år:

Ekstrakostnad pr. år: kr. 79.118,52

Støttekontakt/ Tilsyn etter skuletid:

Antal timar innvilga i 2007: Totalt 3.948 t/år

Det er aktuelt å justere opp satsen for 3.084 av desse timane.

Auke i støttekontaktsatsen vil medføre auka utgifter på kr. 206.075,88 pr. år.

Administrasjon/organisering:

Ansvar for avlasting og støttekontakt er overført frå sosialavdelinga til pleie- og omsorgsavdelinga i samband med etablering av NAV Volda 12. november 2007. Dersom Volda kommune skal kunne gi gode avlastings- og støttekontakttilbod, må det settast av personellressursar til å jobbe med dette området. Det er svært viktig at avlastingstilboda er stabile og trygge for ein familie som har barn med nedsett funksjonsevne. Det krev at fagpersonar/administrasjon får sett av nok tid og ressursar til å jobbe med dette. Pleie- og

omsorgsavdelinga fekk overført ansvaret for avlasting og støttekontakt nokså nær opp i NAV-etableringa, og ein har pr. i dag ikkje oversikt over kor store ressursar det er behov for eller korleis arbeidet bør organiserast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Runa Bakke
rehabiliteringskoordinator

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunalt råd for funksjonshemma
Are Halkjelsvik, Rasmusvegen 8, 6100 Volda
Njål Sætre, 6133 Lauvstad

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Wenche Solheim

Arkivsak nr.: 2007/1917

Arkivkode: 031

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

5/08

Driftsstyret

16.01.2008

KVALITETSKOMMUNEPROGRAMMET - ETABLERING AV STYRINGSGRUPPE OG PROSJEKTGRUPPER

Administrasjonen si tilråding:

1. *Ann Britt Våge Fannemel og Jon Georg Dale vert oppnemnde som politiske representantar i styringsgruppa for kvalitetskommuneprogrammet*
2. *Driftsstyret oppnemner fire politikarar til deltaking i prosjektgrupper*

Vedleggsliste:

1. Kvalitetskommuneprogrammet - Søknad om deltaking datert 07.08.07
2. Notat til oppstartsmøte 19.12.07
3. Referat frå oppstartsmøte 19.12.07

Uprenta saksvedlegg:

Kvalitetskommuneprogrammet – invitasjon til deltaking

Samandrag av saka:

Viser til vedlegg 2 som gir ei oppsummering av prosess, mål, verkemiddel og organisering. For Volda kommune vert deltaking i kvalitetskommuneprogrammet ein struktur for eit kontinuerleg forbetningsarbeid. Vi skal gjere meir av det som gir betre måloppnåing og nøgde tilsette. Vi skal med utgangspunkt i ein av skulane ha fokus på betre dialog/informasjon til foreldre/føresette, og i PLO er det demens som skal vere hovudtema. Vi skal vidare med utgangspunkt i to avdelingar gjere ”djupdykk” i sjukefråværet. Det er viktig at prosjektarbeidet medverkar til samhandling mellom politikarane, dei tilsette og brukarane/publikum. Politisk forankring av kvalitetsarbeidet er svært viktig og vert understreka frå sentral prosjektleiing. Vi håper og trur at kvalitetsarbeid vil gi lågare sjukefråvær og medverke til godt omdømme for Volda kommune som arbeidsplass, slik at vi ikkje taper den framtidige kampen om arbeidskrafta.

Ein ber driftsstyret om å oppnemne politiske representantar til dei fire prosjekta vi skal fokusere på først. Bratteberg skule ynskjer at politisk representant i samarbeidsutvalet vert oppnemnt til prosjekt 1A og vara til prosjekt 1B.

Saksopplysningar:

Volda kommune fekk i oktober melding om at vi var med i gruppe 2 i kvalitetskommuneprogrammet. Deltaking i programmet gir ingen direkte økonomisk stønad,

men gir prosjektstøtte ved at prosjektleiarsamlingar og nettverkssamlingar vert dekt. Sjølve programmet bygger mykje på deling av erfaringar gjennom dialog, kurs og kompetanseheving.

Når det gjeld val av prosjekt har vi teke utgangspunkt i pågåande arbeid. I høve søknaden ser vi behov for å gjere ei endring. Prosjekt 2B: Kvalitetsheving i demensomsorga vil ikkje ta utgangspunkt i avd. Kleppe og Piletunet, men ha fokus på heimebuande demente og deira pårørande. Kleppe og Piletunet fekk i 2007 demensprisen for god kvalitet, og vil kunne bidra i prosjektet med sin kompetanse.

Prosjekt 1A: Sjukefråværet ved Bratteberg skule

Prosjektgruppe:

Ein politikar :

Rektor eller den han oppnemner

Personalsjef: Wenche Solheim

NAV: Ruth-Eli Olsen

lokal tillitsvald (to organisasjonar som må verte einige)

Prosjekt 1B: Betre dialog/informasjon til foreldre/føresette til elevar ved Bratteberg skule

Prosjektgruppe:

Ein politikar:

Rektor eller den han oppnemner

Ein frå lærarkollegiet

Skulesjef: Karin Heggen

Lokal tillitsvald

Leiar i FAU

Prosjekt 2A: Sjukefråvær ved Karve og Ottarstova, Volda omsorgssenter

Prosjektgruppe:

Ein politikar:

Avdelingsleiar: Finn Preben Mathisen

Personalsjef: Wenche Solheim

NAV: Ruth-Eli Olsen

Lokal tillitsvald: Halldis Langedal

Prosjekt 2B: Kvalitetsheving i demensomsorga for heimebuande

Prosjektgruppe:

Ein politikar:

Avd.leiar: Åse Marie Heggen

Ein tilsett repr:

Ass. PLO-sjef: Svein Berg Rusten

Lokal tillitsvald: Gunn Hoggen

Første møte vert etter møte i driftsstyret ca. veke 4-5

Vurdering og konklusjon:

Deltaking i kvalitetskommuneprogrammet skal gå som ein del av ordinær drift. Vi er likevel sikre på at eit samarbeid slik det her er tenkt, vil kunne ha positiv effekt på både arbeidsmiljø, kvalitet og sjukefråvær. Vi håper at politisk nivå vil bidra aktivt i denne prosessen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Positive

Økonomiske konsekvensar:
Dekning innafor avsett budsjett

Beredskapsmessige konsekvensar:
Usikkert

Wenche Solheim
Prosjektleder

Utskrift av endeleg vedtak:

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Bente Kristin Krøvel

Arkivsak nr.: 2008/37

Arkivkode: A10, &10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/08	Driftsstyret	16.01.2008

KOMMUNALE REPRESENTANTAR TIL SAMARBEIDSUTVALA I DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

Administrasjonen si tilråding:

Desse vert valde til medlemmer og varamedlemmer til samarbeidsutvalet ved dei kommunale barnehagane i Volda for perioden 2008-2011:

<u>Namn på barnehage</u>	<u>Medlem</u>	<u>Varamedlem</u>
--------------------------	---------------	-------------------

Sollia barnehage

Engeset barnehage

Mork barnehage

Folkestad barnehage

Austefjord barnehage

Lauvstad barnehage

Uprenta saksvedlegg:

Utdrag av Barnehagelova § 4

Samandrag av saka:

Etter Barnehagelova § 4 kan eigar av barnehagar vere med i samarbeidsutvalet (SU) etter eige ynskje. Dersom kommunen som eigar vel å ha representantar i samarbeidsutvala, bør dei veljast for heile den kommunale valperioden.

Vurdering og konklusjon:

Driftsstyret skal velje medlemmer og varamedlemmer i samarbeidsutvala ved dei kommunale barnehagane.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen.

Inger-Johanne Johnsen
leiar servicekontoret

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei kommunale barnehagane
Dei som vert valde